

## FORSLAG TIL ENDRINGAR I FORSKRIFT OM OPPTAK TIL HØGRE UTDANNING

Fastsatt av Kunnskapsdepartementet 5. januar med heimel i lov 1. april 2005 nr. 15 om universiteter og høgschooler § 3-6. § 3-7 og § 4-9. Endra ved forskrifter 11. oktober 2017, 30. januar, 23. november 2018, 28. november 2019.

Det er foreslått endringar i følgjande føresegner:

Endringane i forskriftsteksten er markert med **feite bokstavar** og ~~stryk~~.

### Kapittel 3. Unntak frå krav om generell studiekompetanse

Det er foreslått ei ny føresegn § 3-11.

#### **§ 3-11. Unntak frå kravet om generell studiekompetanse for opptak til spesielt tilrettelagd paramedisinutdanning**

**Institusjonar kan ta opp søkjarar med relevant fagbrev som ikkje oppfyller krava til generell studiekompetanse til spesielt tilrettelagd paramedisinutdanning.**

### Kapittel 4. Spesielle opptakskrav

#### *§ 4-8. Spesielle opptakskrav til engelskspråklege utdanningsprogram*

(1) Engelskspråklege bachelorprogram ved Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet har ~~som ei forsøksordning for opptak til studieåra 2017–2018, 2018–2019, 2019–2020 og 2020–2021~~ krav om at søkjarar må dokumentere minimum karakteren 4,0 i fellesfaget engelsk (140 timar). Karakterkravet i engelsk gjeld ikkje for søkjarar som kan dokumentere bestått programfag i engelsk med eit omfang på minst 140 timar eller tilsvarande

**(4) Dei engelskspråklege bachelorprogramma *Bachelors programme in Arctic Adventure Tourism* og *Bachelors programme in Northern Studies* ved UiT – Noregs arktiske universitet har krav om at søkjarar må dokumentere minimum karakteren 4,0 i fellesfaget engelsk (140 timar). Karakterkravet i engelsk gjeld ikkje for søkjarar som kan dokumentere bestått programfag i engelsk med eit omfang på minst 140 timar eller tilsvarande.**

#### *§ 4-10 Spesielle opptakskrav til diverse fag*

Det er foreslått endringar i sjetle ledd og ellefte ledd bokstav f:

(6) 3-årig bachelorstudium i journalistikk ved OsloMet – storbyuniversitetet ~~har som ei forsøksordning for opptak til studieåra 2017–2018, 2018–2019, 2019–2020 og 2020–2021~~ har krav om ~~at~~ søkjarar må dokumentere minimum karakteren 4,0 i norsk (393 timar).

(11)

- f) Følgjande studium ved Høyskolen Kristiania
- Bachelor i Art Direction
  - Bachelor i interiørarkitektur
  - Bachelor i Experience & Event
  - Bachelor i Grafisk design
  - Bachelor i Retail Design
  - Bachelor i tekst og skribent
  - Bachelor i film og TV
  - Bachelor i lys for scene
  - Bachelor i manus
  - Bachelor i maske- og hårdesign

- Bachelor i lyddesign
- Bachelor i spilldesign
- Bachelor i visual effects
- Bachelor i låtskriving og produksjon
- ~~— Bachelor i digital markedsføring~~
- Bachelor i interiørarkitektur
- Årsstudium i musikkproduksjon

Det er foreslått endringer i § 4-11

#### *§ 4-11 Desentralisert utdanning og deltidsutdanning*

(1) For opptak til desentralisert utdanning og/eller deltidsutdanning kan institusjonane fastsette spesielle opptakskrav i form av relevant yrkeserfaring. **Det kan stillast krav om inntil 5 års yrkeserfaring. Dersom det blir stilt krav om dette, skal minimum 2 år utgjere relevant yrkeserfaring. For opptak til deltidsutdanning kan institusjonane fastsette krav om arbeidstilknytning i studietida.**

(2) ~~Det kan stillast krav om inntil 5 års yrkeserfaring. Dersom det blir stilt krav om dette skal minimum 2 år utgjere relevant yrkeserfaring. For opptak til deltidsutdanning kan det stillast krav om geografisk tilknytning til utdanningsstaden.~~

(3) Det kan stillast krav om geografisk tilknytning til utdanningsstaden.

#### Kapittel 6. Politiattest ved opptak til høgre utdanning

Det er foreslått endring § 6-6 andre ledd:

#### *§ 6-6. Følgjer av at politiattest ikkje blir lagd fram*

(2) Det kan gjerast unntak frå føresegna i første ledd dersom årsaka til at søkjaren eller studenten ikkje legg fram politiattest i samsvar med reglane i denne forskrifta, ligg i omstende som vedkommande ikkje rår over. **Studiestaden må varsle praksisstaden om studentar som får delta i praksis etter andre ledd, utan å ha lagt fram politiattest, slik at praksisstaden kan ta naudsynte forhandsreglar.**